



Kvemmingane Signe Økland, Sigrun Augestad, Borgny Hjartnes og Bente Skåre (frå venstre) slikkar sol i Uskedalen før ferden går innover fjorden etter ein fin pinseferie. (Foto: Ola Matti Mathisen.)

**- Uskedal Båtlag er kjempeforneuede med pinsetrafikken. Natt til laurdag hadde vi over 20 gjestebåtar inne og dei to neste nettene meir enn 30. Og det betyr at det er så godt som fullt, oppsummerar hamnevert Rolf Myklebust**

Den gode trafikken hadde delvis samanheng med den reine invasjon i Husnes-hamna dit det kom over 50 båter berre frå Bergen Motorbåtforening. Dermed "flaut det over" slik at nokre reiste til Uskedalen i staden.

- Og det angra dei slett ikkje på. Eg har høyrst svært mange lovord i pinsehelga, også frå båtfolk frå Bergensområdet som ikkje har vore her tidlegare. Dei er svært imponerte over standard og service, seier Myklebust.

Ein kvartett frå Kvam har ingen problem med å slutta seg til lovsongen.

- Dette er ein fin plass, ikkje minst for ungar. Her kan dei fiska og leika på det fine grøntområdet, sa Signe Økland frå Tørvikbygd, Sigrun Augestad frå Tørvikbygd, Borgny Hjartnes frå Nordheimsund og Bente Skåre frå Øystese. Dei er alle tilknytta helsevesenet i Kvam og hadde nettopp teke avskil med fem andre båtlastar frå samme kommune då uskedalen.no traff dei. Med andre ord var det rundt 20 kvemmingar i Uskedalen denne pinsen.

At dei tek ein tur utover fjorden er vanleg og det hender at dei reiser så langt som til Husnes og Stord. Men denne gongen vart målet altså Uskedalen etter ein mellomlanding på øya Sild ved Varaldsøy. Der fekk dei mykje fin fisk som vart til kollektiv fiskesuppe!

- Er det noko som saknast i Uskedalen?
- Absolutt ikkje, her har dykk alt vi kan ønskje oss.
- Kva med Vertshuset?
- Det saknar vi ikkje, vi lagar sjølve den moroa vi treng!

Av Ola Matti Mathisen



Over 30 båter har vore innom båthamna til Uskedal Båtlag to netter på rad i pinsen. (Foto: Ola Matti Mathisen)